Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36 | Fylke: Vest-Agder

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hægebostad

Emne: Helsing, fakter og Åtferd | Bygdelag: Laukroken

Oppskr. av: Ånun Lauen | Gard: Lauen

(adresse): Tingvatn. | G.nr. 35-36 Br.nr. 15-9

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

A

1. Som regel seier ein „ja" og „nei"
2. Før helste folk på alle framande dei såg eller møtte med go-dag („Kø-dak".) Gardsfolk helsar dei ikkje på. Av tenestegjenter som kom heim frå byen eller dei større bygder lærde dei at ein berre skulle helsa på dei ein kjende (ca 1910)
3. Det var ingen regel om kven skulle helsa fyrst, undtagen når ein møtte presten, då laut alle helsa på han. Elles måtte dei unge helsa fyrst på dei gamle.
4. Når ein helste sa ein berre go-dag.
5. Dei sa berre go-dag til presten og, og til andre embetsmenn. Storbønder og bruksseigarar var her ikkje. berre småbønder.
6. Det hende vel at sume tok hatten eller huva av seg når dei møtte presten, og når dei skulle be om ei „beina" stakk dei vel huva under armen for å vera audmjuke medan dei bad.
7. Når folk skulle til gjestebod i full puss så tok dei kvarandre i hendene

8344

når dei møttest. Når dei kom inn i bryllaupsstova, eller i barnedåp, gravferdsstova, tok dei alle i handa og sa gö dag. Likeins når dei gjekk att. Det var altså forskil på kvardags- og högtidshelsing.

8. som ovanfor beskreve.

9. Det hende vel at frekt klappa kvarandre på aksla, når dei var gode venner, men då var dei helst litt drukne. Dei gjorde ikkje dette fastande. Det blei for smeiksjande sött for desse hardbarka arbeidsmennskje.

10. Det er 10 km. til kyrkja så ein kan ikkje höyra klokkeringing her. Eg har ikkje höyrt om nokon i bygda som har gjort dette.

11. Dei tok av seg hatten når dei mötte lik for å syna vyrdnad for den döde.

12. Ein kjenner ikkje til at nokon har helst på andre ting eller dyr. Men på Kvinnsheia ligg ein sprekt stein der ei kona gjorde falsk eid og alle som fer framom har hivd i ein liten stein. (varp)

13. Gomorn var lite brukt (berre om morgonen) Berre Godag og godkveld vart nytta. Dei lo av ein som

14 sa gomorn både når han kom og når han gjekk (1910) Gonatt sa ein ved leggetid.

No brukar ein desse helsingsorda

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING 8344

som det fell – 1. d. gomorn til alle dagsens tider. Og gokveld både når ein kjem og gjeng. Dei gamle er meir nøtne på helsingsorda.

15. Ein svarar med same helsingsorda som den fyrste nytta. Nokso anna er støytande.

16. Vanleg med gomorn heile døgnet (dagen) no.

17. Ein kjenner ikkje det høgtidlege „Signe"– som helsingsord her.

18. Det var ikkje andre helsingsmåtar enn dei nemnde.

19. Om verten tok mot gjesten på tunet så helsar gjesten likevel på dei som inne er – med godag.

20 Når ein ville tala med husfaren åleine sa ein: Eg skulle ha funne deg litegrann, eller: Kom ut eg vil finna deg!

21. Før banka ein berre på hjå presten eller lensmannen. No er det meir vanleg, medtagen hjå dei næraste grannar der ein gjeng beint inn utan å banka på.

22. Dei svara då inne: „Kom inn"!

23. Då skulle han verte ståande ved døra med huva i handa til dei bad han sitje ned: „Sjå du får site". Då skulle han setja seg og seia: „Her er godt å få site".

24. Han måtte ta huva av seg med same han kom inn.

25. Ein sa til han ved døra: Er du

8344

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Karm ute og ferdast"; eller: „er slike folk ute og går." („gjingi".)

26. Kom det langframande vart det mykje ståk for å skipa, hamska til inne, t.d. setja rokken eller hoggestabben tilsides. Fekk dei betre tid før han kom inn, sopa dei flisene vekk.

27. Ein framande sa og berre godag. Var det ein kjenning som ikkje hadde vore heime på lenge t.d. U.S.A. tok han alle i handa.

28. Folk orsaka seg når framande kom at dei ikkje hadde fått tid til å skipa og hamska i stova.

29. Dei innbedne gjester vart helsa med „velkomen."

30. Dei næraste grannar sa ikkje noko når dei kom eller når dei gjekk att frå ei vitjing ei kveldstund. Men var dei innbedne sa dei: „Takk for i dag" til husens folk, og til andre gjester: „Takk for laie"."

31. Dei som skulle reisa til U.S.A tok kjenningane i handa og sa: „No må du leva så vel".

32. Eg har høyrt mor mi fortalde at når ho fylgde ei veninna som var heime og skulle reisa att att til U.S.A. at ho kyste henne på kinnet til avskil. Elles var det ikkje vanleg her.

33. Ikkje vanleg å kysse til avskil her.

34. Ikkje kyssing på handa nokon gong.

8344

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

36.—37 Kyste ikkje på handa.
38 Dei til småborna: Kan du gje meg ein „muss".
39. Dei vaksne bytter nasir med borna ved å gni nåsene mot kvarandre.
40. Både foreldra og syskina kan bytta nasa med småborna.
41. Ein sa til borna: „No tek eg nasa di", og lest som han gjer det. „No fekk du att den store nasa di," i.l.
42. Ein brukte leggje kinna mot kinn og sa: „Å for mjuke kinne du har".
43. Mellom vaksne og born.
44. Til fødselsdagen sa dei: „til lukke med dagen", eller „gratulera" som er yngre.
45. Til jol sa dei til kvarandre: „god jol". „God jolke!" Til trulovinga og bryllaup: Til „lukke med dagen" eller gratulera.
46. Ved dødsfall og sorger var det gjerne å trøyste med bibelord, og at det var Guds vilje at det skulle skje. „No har dei det betre". „No er dei heime"
47. Ein takka med både hand og munn.
48. Folk har ofte vanskeleg for å finna dei rette ord ved dødsfall og ved grava. Det er helst presten som syt greia med det. Før, når dei drakk i gravølet sa dei vel heller eit og anna om den døde. Som dei hermer etter ei likferd på Løland i Eiken i slutten av 1700 åra: „Druseleg var du då du levde, og druseleg fer du til jorda, farvel Tone"! Dei hadde drukke i fleire dagar. Det hende dei kasta bort

8344

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

líka på vegen til grava, så
galneslig drukne var dei.

49. Dei kunne syne vanvyrdnad for
nokon dei ikkje líka - eller som
dei hadde „folle ut med", ved å
klappa seg bak.

50. Nå seier folk „du" til alle. Dei
gamle vil enno gjerne seia „De" til
presten. Men dei greier ikkje gjennom-
føra det. Før sa dei „I" og „jer" til dei
gamle, men det er lenge sidan. Eg
er nå 55 år og har ikkje høyrt
nokon her brukt det.

51. Sume seier han som tiltaleord til
1. l. læraren i kirsen og til pres-
ten.

A. Tilleggsliste til nr. 36.
Måter å refse folk på.

A. Ved ymse høve
1. Om ein som gjorde skyft slurvet
arbeid: Han er ein slarv.
Om ein dovning: Han er dilen
Ingen kjenner til det nemnde om
å slå ringer.
2. Eg har ikkje høyrt om nokon
som sette stokkar for nattelau-
parar skjertorsdag.
3. Ikkje om jol, men langfredag
var dei oppe tidleg og gav dei som
endå låg i senga „skjerpå", langfre-
dagsskjerpå var rising på bar ende"
B. 4. Dei måtte ikkje gå frå heimen til
grannane 1. joledag. Kvar skulle vera
(Det var å „snikja")

3344
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

heime hjå sine. Dei som gjekk likevel, vart sedd på som vyrdlöysor, eller fåvitingar.
5. Dei som ikkje fekk eit eller anna nytt klesplagg til jol, vart „jolebroddi"
6. Dei som sette utnamn på folk, fekk tilslutt og eit utnamn. Söleis ei kona som kolla andre, vart heitande „Kristnehuva"

8344

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING